



Utvalg: Kontrollutvalet i Stord kommune
Møtestad: Kommunestyresalen og formannskapssalen, Stord rådhus
Dato: 18.04.2018
Tidspunkt: 14:00 – 17:50

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Fredrik Litleskare	Leiar	H
Peggy Husevik Bærøy	Nestleiar	V
Anna Herborg Førland	Medlem	AP
Tarjei Haga	Medlem	AP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Odd Ståle Larsen	Medlem	FRP

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
Nils Gunnar Waage	Odd Ståle Larsen	FRP

Merknader

- Peggy Husevik Bærøy tom. sak PS 16/18. Fekk permisjon frå kl. 16.50 og ut møtet. I samråd med henne og utvalsleiar, vart det ikkje kalla inn vara i permisjonstida.
- Kontr.utv. heldt kurs 14.00-16.00. Tema Samfunnsansvar og antikorrupsjon KPMG v/ Ole Willy Fundingsrud føreleste. Ordføraren opna. Kont.utv.leiar hadde innleiing.

Andre som møte:

Navn	Stilling
Annlaug Tenold	Personal- og organisasjonssjef (sak PS 16/18)
Haldis Lauksund	Personvernombod (sak PS 16/18)
Gisle Østrem	Einingsleiar for IKT (IKT-sjef) (sak PS 16/18)
Iren Dyrseth	Kontroller (sak PS 16/18)
Ole Willy Fundingsrud	Forvaltningsrevisor KPMG AS
Hogne Haktorson	Kontrollsjef, Hordaland fylkeskom., sekret. for kontr.utv

Fredrik Litleskare
utvalsleiar

Hogne Haktorson
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 14/18	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 15/18	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 16/18	Administrasjonen orienterar om ny personvernlov		2018/19
PS 17/18	Årsmelding 2017 for kontrollutvalet i Stord kommune		2016/85
PS 18/18	Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringar - status i arbeidet		2017/17
PS 19/18	Forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging - status i arbeidet		2017/108
PS 20/18	Revisjon vedr. eigedomen Evjestrand - oppfølging av vedtak i KST i sak PS 69/16		2016/80
PS 21/18	Høyringsutkast - kva kan ein forventa av oppgåveutføring og kompetanse frå sekretariatet		2016/2
PS 22/18	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune		2015/177
PS 23/18	Referatsaker		
RS 8/18	Pressemelding KMD - En ny og moderne kommunelov		2015/1
RS 9/18	Innkalling til representantskapsmøte i Samarbeidsrådet 2018		2015/197
RS 10/18	Fylkesmannen - tilsyn med Stord kommune - helse- og omsorgstenester og sosiale tenester i NAV		2014/298
PS 24/18	Eventuelt		2016/91

PS 14/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 18.04.2018

Handsaming i møtet:

Det framkom ikkje merknader til innkalling og saksliste.

Vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

PS 15/18 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 18.04.2018

Handsaming i møtet:

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 01.03.18.

Vedtak:

Protokoll frå møte 01.03.18. vart godkjent.

PS 16/18 Administrasjonen orienterar om ny personvernlov**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem med skriftlig og munnleg orientering om korleis tilpassinga til ny personvernlov har gått, i møte i utvalet 10.09.2018.
2. Det vert bede om skriftleg orientering, sendt til sekretariatet, innan 21.08.2018.
3. Informasjonen blir elles teken til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 18.04.2018**Handsaming i møtet:**

Stord kommune har hatt ei arbeidsgruppe i funksjon om lag 1 ½ år gjeldande informasjonstryggleik / personvern, og medlemmane deltok på kontrollutvalsmøtet. Personal- og organisasjonssjef Anlaug Tenold, som også er tryggleiksansvarleg, hadde ein presentasjon som utvalsmedlemne får tilsendt etter møtet. Kontroller Iren Dyrseth presenterte internkontrollsystemet som kommunen nyttar, der det td. ligg inne 60-70 prosedyrar berre gjeldande informasjonstryggleik / IKT. I det elektroniske systemet ligg inne årshjul, neste 10 aktivitetar, avvikssystem, årleg ROS-analyse på fleire nivå mv. Einingsleiar for IKT (IKT-sjef) og personvernombod Haldis Lauksund bidrog også.

Kontrollutvalet gav uttrykk for at dei synest dette var ein god presentasjon og at dei synest kommunen var komen langt i arbeidet. Ettersom ny personvernlov er planlagt å gjelda frå 25. mai 2018, er det og ønskeleg å få ei oppdatering på første møte i hausthalvåret.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem med skriftlig og munnleg orientering om korleis tilpassinga til ny personvernlov har gått, i møte i utvalet 10.09.2018.
2. Det vert bede om skriftleg orientering, sendt til sekretariatet, innan 21.08.2018.
3. Informasjonen blir elles teken til orientering.

PS 17/18 Årsmelding 2017 for kontrollutvalet i Stord kommune**Forslag til innstilling**

Kommunestyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2017.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 18.04.2018**Handsaming i møtet:**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

Kommunestyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2017.

PS 18/18 Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringar - status i arbeidet**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet synest det er sterkt beklageleg at forvaltningsrevisjonsrapporten er vorten ytterlegare forseinka.
2. Ettersom rapporten no er til høyring i administrasjonen, forventar kontrollutvalet ei ferdigstilling som gjev sekretariatet forsvarleg sakshandsamingstid og utvalet tilstrekkeleg lesetid.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 18.04.2018**Handsaming i møtet:**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet synest det er sterkt beklageleg at forvaltningsrevisjonsrapporten er vorten ytterlegare forseinka.
2. Ettersom rapporten no er til høyring i administrasjonen, forventar kontrollutvalet ei ferdigstilling som gjev sekretariatet forsvarleg sakshandsamingstid og utvalet tilstrekkeleg lesetid.

PS 19/18 Forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging - status i arbeidet**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 18.04.2018**Handsaming i møtet:**

Forvaltningsrevisor Ole Willy Fundingsrud frå KPMG AS orienterte om oppstart av revisjonsarbeidet. Dei har motteke ein god del dokument som skal nyttast i revisjonen. Noko meir er etterspurt men ikkje motteke enno. Så langt ser det likevel ut som at fastsett tidsplan for ferdigstilling av rapporten skal halda.

Utvalet gav uttrykk for at det var ønskjeleg med ny status frå KPMG AS i neste møte.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke, med tillegg om ny status i neste møte.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering, og ber om ny status i neste utvalsmøte.

PS 20/18 Revisjon vedr. eiegenomen Evjestrana - oppfølging av vedtak i KST i sak PS 69/16

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram til drøfting, utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 18.04.2018

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet hadde slike merknader.

- Dette gjeld kommunestyrevedtak i sak PS 69/16 Vurdering av avtale om Evjestrana, pkt. 3: *«Kommunestyret ønskjer, på bakgrunn av notat og øvrig sakstfang, at kommunen ser på kommunalt regelverk for sal av eiegenomen på nytt.»*
- Rådmannen meddelet i skriv av 15.03.18. bl.a.: *«Rådmannen har heller ikkje oppfatta at kommunestyret ønskjer å handsama retningslinene for sal av eiegenomen i ei politisk sak, men vil gjerne ha kontrollutvalet si vurdering av det spørsmålet.»*
- Eigentleg er det kommunestyret som må tolka sine egne vedtak.
- Ettersom pkt. 3 i kommunestyret sitt vedtak, også var del av kontrollutvalet si innstilling av 06.10.16. i sak PS 53/16, tillet utvalet seg likevel å reflektera rundt rådmannen sitt spørsmål.
- Då kommunestyret handsama sak om eiegenomen Evjestrana 20.10.16, var det kjent at kommunen alt hadde eit regelverk for sal av eiegenomen.
- I denne saka var det omtalt handlingar relatert til sal, både tilbake til 2004, og handlingar relatert til datoar etter at gjeldande regelverk kom til.
- Dersom kommunestyret var overtydd om at retningslinene frå 2011 var greie også i 2016, hadde ein ikkje brukt eige punkt i vedtaket (pkt. 3) på å be om at kommunen skulle sjå på regelverket på nytt.
- Kontrollutvalet er såleis av den oppfatning at kommunen må skriftleggjera ei drøfting av korleis ein i dag ser på retningslinene av 2011, for at kommunestyrevedtaket på dette punktet er følgt opp.
- Om vurderingane munnar ut i forslag til nye retningslinjer, bør det framførast i form av ei politisk sak til kommunestyret.
- Dersom vurderingane munnar ut i at det ikkje er trong for å gjera endringar i retningslinjene av 2011, kan det informerast om til kommunestyret i politisk sak eller td. i notat lagt fram for kommunestyret som referatsak.

Vedtaka i saka var samrøystes.

Vedtaka:

Kontrollutvalet meiner drøfting av korleis ein i dag vurderar Stord kommune sine retningslinjer for sal av eiegenomen av 2011, er naudsynt for at pkt. 3 i kommunestyrevedtak i sak PS 69/16 er følgt opp. Vidare at drøftinga vert lagt fram skriftleg for kommunestyret i form av politisk sak eller referatsak, jmf. refleksjonar overfor under «handsaming i møtet».

PS 21/18 Høyringsutkast - kva kan ein forventa av oppgåveutføring og kompetanse frå sekretariatet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet i Stord kommune takkar for at FKT har laga eit forslag til vegleiar om «Hva kan kontrollutvalget forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatet» og har slike forslag til endringar i vegleiaren:
2. Kontrollutvalet i Stord kommune takkar for at FKT har laga eit forslag til vegleiar om «Hva kan kontrollutvalget forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatet» og har ikkje merknader til innhaldet i denne.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 18.04.2018

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet samla seg om forslag til vedtak pkt. 2.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet i Stord kommune takkar for at FKT har laga eit forslag til vegleiar om «Hva kan kontrollutvalget forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatet» og har ikkje merknader til innhaldet i denne.

PS 22/18 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 18.04.2018

Handsaming i møtet:

Medlemmane orienterte om saker frå nokre av dei politiske møta som har vore halde i Stord kommune sidan sist kontrollutvalsmøte.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 23/18 Referatsaker

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 18.04.2018

Handsaming i møtet:

RS 8/18 Ny kommunelov.

- Utvalsleiar og sekretær skal delta på FKT sin fagkonferanse 29.-30. mai -18. Der vil KMD gje meir informasjon relatert til lovproposisjon om ny kommunelov, særleg på saksfelt av særleg verde for kontrollutvalet.

RS 9/18 Representantskapsmøte i Samarbeidsrådet 2018.

- Utvalsleiar orienterte om at han deltok på representantskapsmøtet 13.04.18, som vara for Sverre Olav Svarstad.

RS 10/18 Fylkesmannen – tilsyn med Stord kommune – helse- og omsorgstenester og sosiale tenester i NAV.

- Kontrollutvalet ønskjer å motta svar frå Stord kommune på rapporten.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

RS 10/18 Fylkesmannen – tilsyn med Stord kommune – helse- og omsorgstenester og sosiale tenester i NAV.

Kontrollutvalet ber om å motta svar frå Stord kommune til Fylkesmannen i Hordaland, vedr. rapport etter tilsyn 13.-15. februar 2018, når svaret ligg føre.

Øvrige referatsaker vert tekne til orientering.

PS 24/18 Eventuelt

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 18.04.2018

Handsaming i møtet:

Opero AS

Det er generalforsamling i Opero AS, 25.04.18.

Kontrollutvalet sitt møte 15.05.18. – køyreplan, grovskisse.

Det vert planlagt slik køyreplan:

Kl. 14.00 – 15.00 Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringar.

Kl. 15.00 – 16.00 Årsrekneskap 2017 for Stord kommune og Stord hamnestell

Kl. 16.00 Øvrige saker.

Idrettspolitikk

- Sekretariatet har hatt kontakt med leiar i Stord idrettsråd, Øyvind Kyvik, ifm. tidlegare sak i kontrollutvalet (PS 32/16) relatert til fordeling av tid i idrettshallar.
- Sekretariatet formidla at det er viktig at idrettslaga prøver å ordna opp direkte med Stord kommune, evt. saman med Stord Idrettsråd.
- Kontrollutvalet kan evt. kontaktast om andre ting ikkje fungerer, men dette har ikkje vore ei typisk sak for utvalet.
- I samråd med Kyvik var det semje om at det ikkje krevst ytterlegare oppfølging frå kontrollutvalet si side no.

Vedtak i saka var samrøystes

Vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.